

NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

Årsmelding 2008

Innleiing

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) er ein statsinstitusjon under Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD). Instituttet skal fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forskning, men også stimulere til forskning og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokal historie. NLI har vore i drift med egne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956.

NLIs noverande verksemd er først og fremst heimla i følgjande grunnlagsdokument:

- *Vedtekter*, sist endra ved styrevedtak 7. februar 1995 og godkjende i brev frå Kulturdepartementet 8. juni 1998.
- *Arbeidsplan for Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Instruks for leiaren ved Norsk lokalhistorisk institutt*, vedtatt av styret 7. februar 1995.
- *Økonomiinstruks*, revidert av styret 29. juni 2005.

a) Styre og personale

NLIs styre er oppnemnt av Kultur- og kyrkjedepartementet for perioden 1.1.2006 – 31.12.2009. Det har følgjande samansetjing:

1. Frå Noregs Museumsforbund: *Torveig Dahl*, Valdresmusea, leiar.
Varamedlem: Pål Christensen, Museum Nord.
2. Frå Den norske historiske forening: *Finn-Einar Eliassen*, Høgskolen i Vestfold, nestleiar. Varamedlem: Atle Døssland, Høgskulen i Volda.
3. Frå Arkivverket: *Lisabet Risa*, Statsarkivet i Stavanger
Varamedlem: Oddleif Lian, Statsarkivet i Kristiansand.
4. Frå Landslaget for lokalhistorie: *Åse Eikemo Strømme*, IKA Hordaland.
Varamedlem: Guri Vallevik Håbjørg, Oppegård kommune.
5. Frå dei tilsette ved NLI: *Ola Alsvik*. Varamedlem: Hans P. Hosar.

Fast tilsett personale:

Knut Sprauten: direktør 01.01-31.12.

Ola Alsvik: forskar 01.01-31.12.

Kirsten Braaten: konsulent 01.01.-30.09.

Hans P. Hosar: forskar 01.01.-31.12. (hadde permisjon i 3 månader utan løn).

Marianne Wiig: rådgjevar, 01.01.-31.12. (80 % stilling).

Siri M. Iversen: konsulent, 01.09.-31.12.

I alt: 4,6 årsverk

Ekstrahjelp m.m.: Til saman: 3,8 årsverk. Dette kan splittast opp slik:

Siri M. Iversen: 01.01-31.08, mellombels tilsett som bibliotekar (30 vekeverk).

Kristian Hunskaar: 01.01.-31.08, vit. ass. (30 vekeverk).

Raymond Johansen: 01.10-31.12, vit. ass. (11,3 vekeverk).

Marthe Glad Munch-Møller: timeløna medarbeidar febr.-sept., vit.ass. 01.10.-31.12. (13,3 vekeverk)

Eva Marie Mathisen: timeløna medarbeidar febr.- april (2 vekeverk).

Ida T. Vedeld: 01.01.-31.12., prosjektleiar for *Mangfaldige minne* (45 vekeverk).

Liv B. Johansen: 01.01.-31.12., fagkonsulent for *Mangfaldige minne* (20 % stilling, 9 vekeverk).

Yacoub Cissé: 01.11.-31.12., vit.ass., *Mangfaldige minne* (7,5 vekeverk).

Chris Nyborg: timeløna rådgjevar, *Lokalhistoriewikien*, og i tida 01.04.-31.12., i 15 % stilling (12,6 vekeverk).

Olve Utne: 01.01.-30.04., prosjektmedarbeidar, betalt av NAV, i perioden 01.05-31.12. forskar (22,5 % stilling), *Lokalhistoriewikien* (6,8 vekeverk).

Frode Fyllingsnes: 01.05-31.05, forskar, *Lokalhistoriewikien* (3,8 vekeverk).

I 2008 har NLI i alt hatt 8,4 årsverk til disposisjon på faste stillingar og ekstrahjelp.

b) Likestilling ved NLI

	Totalt (16)		Leiarstillingar (1)		Øvrige stillingar (15)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling- alle tilsette (i pst.)	44 (7)	56 (9)		100 (1)	47 (7)	53 (8)
Kjønnsfordeling- heiltidstilsette (i pst.)	30 (3)	70 (7)			67(4)	33 (2)
Kjønnsfordeling- deltidstilsette (i pst.)	67 (4)	33 (2)			30 (3)	70 (7)
Gjennomsnittsløn (i 1000 kr)*	376 (4)	467 (4)		577(1)	376 (4)	430 (3)

Kommentarer til tabellen:

Norsk lokalhistorisk institutt har berre 5 faste stillingar: 3 menn (heiltidstilsette), og 2 kvinner: 1 heiltidstilsett og 1 deltidstilsett (i 80 %).

NLI har òg engasjert 11 andre i mellombels stillingar: 6 på heiltid, men nokre av dei berre i korte periodar (4 menn og 2 kvinner), og 5 på deltid (2 menn og 3 kvinner). Av desse 11 personane i mellombels stillingar er det berre 3 som har arbeidd i meir enn tre månadsverk for NLI i 2008, ei kvinne i full stilling, ei kvinne i 8 månader (i ei stilling som vart omgjort til fast) og ein mann i full stilling i 8 månader. Dei andre er studentar og folk som har jobb andre stader, eller som har jobba særskilt kort tid ved instituttet. Å inkludere dei i denne samanhengen vil gi eit heilt feilaktig inntrykk av lønstillhøva. Vi har gått ut frå løn pr. 01.08.2008.

*I ein liten institusjon som NLI gir tilfeldigheiter store statistiske utslag. I utrekninga av gjennomsnittsløn har vi berre tatt omsyn til dei fast tilsette, og dei i mellombels stilling som har jobba meir enn tre månader for NLI. Vi meiner det gir det mest korrekte biletet av stoda. Ein av de fast tilsette mennene har hatt permisjon i tre månader utan lønn frå NLI, men han har da fått same løn frå ein annan arbeidsgjevar. Han er difor rekna inn med full løn i dette høvet. Også den kvinna som jobbar i 80 % av full stilling, er rekna inn med full løn av same årsak. Den kvinna i fast stilling som vart pensjonist 30. september, er også rekna inn med full løn. Dette gir ei

gjennomsnittleg årleg løn i full stilling for dei fire kvinnene på 376 000 og 467 000 for dei fire mennene – ein skilnad på 24,2 %.

Mennene har dei faste stillingane med dei høgaste krava til kvalifikasjonar og er difor best lønte. Når dei i gjennomsnitt tener 24,2 % meir enn kvinnene, kjem dette primært av at det er skeiv fordeling mellom kjøna i stillingar/funksjonar.

NLI sitt styre er samansett av tre kvinner og to menn. Leiaren er kvinne.

c) ”Grøn stat”

NLI har formalisert miljøarbeidet ved å skipe eit miljøutval. Her sit Siri Iversen og Knut Sprauten. NLI har inga rolle som produsent (bortsett frå produksjon av kunnskap innan lokalhistorie), og har heller inga rolle som byggherre og eigedomsforvaltar. Ved innkjøp legg vi vinn på bruk av miljøvenleg papir, og deltar i ei ordning med papir til gjenvinning. NLI vel dei minst miljøbelastande produkta når det skal gjerast innkjøp, og har gjennomført tiltak for sparing av energi til belysning på kontora. All søppel blir kjeldesortert. Det er ei sams ordning for heile bygget ”Halvbroren”.

d) Rekneskap for 2008

Norsk Lokalhistorisk Institutt (NLI)

UTGIFTER

01. 111 Faste stillingar	: 2 077 748
01. 113 Mellombels	: 1 261 194
01. 131 Honorar og bistillingar	: 27 086
01. 141 Stipend	: 31 000
01. 171 Styrehonorar	: 6 060
I alt	: 3 403 088
<u>Arbeidsgjevaravg. 14,1%</u>	<u>: 475 686</u>
<i>Sum underpost 01-1</i>	<i>: 3 878 774</i>
01. 214 Kontorutstyr	: 12 780
01. 217 Edb-utstyr	: 85 027
01. 221 Kontorrekvisita	: 63 815
01. 227 Observerteneste	: 50 175
01. 231 Reiseutgifter	: 73 274
01. 233 Studiereiser, seminar	: 35 561
01. 234 Kursavgifter	: 450
01. 238 Helse og velferd	: 13 606
01. 239 Representasjon	: 9 847
01. 241 Kopimaskin, drift	: 2 450
01. 242 Betalingsformidling	: 31 520
01. 243 Bøker, tidsskrifter	: 23 043
01. 244 Trykningsutgifter	: 104 463
01. 246 Porto	: 29 519
01. 247 Telefon	: 24 342
01. 248 Div. kontorutg.	: 60 023
01. 249 Yrkesskadefors.	: 4 501
01. 251 Konsulentar, edb	: 199 436

01. 252 Andre konsulentar	:	69 808
01. 262 Programvarelisensar	:	53 012
01. 263 Service og vedlikeh.	:	56 950
01. 265 Nettverkstenester	:	16 465
01. 293 Div. varer og tenester	:	16 796
01. 294 Husleige	:	1 042 636
01. 295 Kantinedrift	:	15 910
01. 297 Reinhold	:	<u>67 847</u>
Totalt på underpost 01-2	:	<u>2 163 256</u>
Utgifter totalt		: 6 042 029

INNTEKTER

Tildelt rammeløyving – jf. brev av 24.10.2008	kr	5 082 000
Kompensasjon for lønsmeirutgifter	kr	97 000
Endeleg tildeling for 2008	kr	5 179 000
Løyving frå Fritt Ord	kr	150 000
Løyving frå Norsk kulturråd	kr	600 000
Frå Kristiansand hamnevesen	kr	100 000
Frå Lørenskog kommune	kr	600 000
Seminarinntekter	kr	7 800
Tilfeldige inntekter	kr	7 334
Refundert arbeidsmarkedstiltak	kr	20 363
Disponibelt 2008	kr	6 664 497
Rekneskap 2008	<u>kr</u>	<u>6 042 029</u>
Mindreutgift	<u>kr</u>	<u>622 468</u>

e) Forklaring på avvik i rekneskapstal i høve til budsjetttrammer for 2008

NLI hadde i 2008 uvanleg store tilskot til prosjektarbeid, i alt kr. 1 450 000. Det står att ein sum på kr. 622 468 som ikkje er brukt i 2008. Vi har bede KKD om at denne summen vert overført til 2009. Det er ein føresetnad for at vi skal kunne gjennomføre planane våre for 2009 – eit år da vi berre får små tilskot utanfrå til verksemda.

Forklaringa på det nemnde mindreforbruket er at eit tilskot på 350 000 kroner vart utbetalt til oss langt ut i desember. Dermed kunne ikkje pengane brukast på ein fornuftig måte i 2008. I desember 2008 oppstod det dessutan ei misforståing mellom oss og SSØ om når fakturaer skulle betalast. Den største konsekvensen hadde det at SSØ endra forfallsdato på ein faktura frå Entra ved å skyve betalingsfristen ein måned framover, til slutten av januar 2009. Denne fakturaen var på ca. 234 000 kroner og skulle betalast i desember.

f) Integrering og inkludering av personar med innvandrarakgrunn

NLI har berre 5 faste stillingar, og ingen med innvandrarakgrunn er tilsett i desse stillingane. Vi meiner at vi kan fremje rekruttering hjå oss i ledige stillingar som ekstrahjelp og i mellombels stillingar eller i samband med ulike prosjekt. Elles gjer instituttet ein indirekte innsats på dette området ved å ta initiativ til at innvandrarane

si søge blir trekt fram og gjort synleg som en viktig del av historia til alle lokalsamfunn. Dette vil – slik vi ser det – på lang sikt vere ei god hjelp til integrering og inkludering av innvandrarakgrunn i Noreg. Vi ønskjer at folk med innvandrarakgrunn i aukande grad skal kunne rekrutterast til lokalhistoriske foreiningar og lokalhistorisk arbeid, og at den øvrige del av befolkninga kan sjå at folk med innvandrarakgrunn er ressurspersonar i denne samanhengen. Arbeidet med og interessen for lokalhistorie gir høve til å skape gode møteplassar for alle. Når NLI i 2008 har lagt ned så mykje arbeid i eit prosjekt som er knytta til *Mangfaldsåret 2008*, er det mellom anna for å fremje integrering og inkludering i vid meining (sjå s. 9). Instituttet har tilsett ein innvandrar frå Elfenbeinskysten i eit engasjement. Det har vore ei særskild positiv røynsle for oss, og inspirerande og verdifullt for miljøet. Samstundes har det gitt oss høve til å tenkje nytt og satse meir å etablere samarbeid med afrikanske universitet og få innsikt i kva rolle lokalhistorie spelar i dei akademiske fagmiljøa i denne verdsdelen (jf. 1.6.4., s. 10).

Verksemda til NLI er gruppert under tre hovudmål.

1. FREMJE LOKALHISTORISK ARBEID I NOREG

NLIs overordna mål er å fremje lokalhistorisk arbeid i Noreg. Instituttet skal gjere sitt for å skape eit høgt fagleg nivå innan norsk lokalhistorisk forskning og stimulere til god formidling, særleg når det gjeld bygde- og byhistorie. Gjennom verksemda si skal NLI også stimulere til at dei forfatterne som arbeider med fagfeltet, er godt fagleg kvalifiserte og lesarorienterte, har interesse av å setje seg inn i fagleg debatt og følgje med, både i norsk og internasjonal forskingsaktivitet som har lokalhistorisk relevans.

1.1 Rettleiing

NLI rettleier mange av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskripta deira og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I løpet av 2008 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfatarar, oppdragsgjevarar og andre i 67 kommunar (52 i 2007, 65 i 2006, 2005, 79 i 2004, 63 i 2003, 60 i 2002 og 50 i 2001). Det betyr at dei tilsette har rettleia forfatarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar som er knytta til lokalhistoriske prosjekt. Dei tilsette har dessutan vore med på planleggjingsmøte med tilsette i kommuneadministrasjon og politisk valde representantar, og har vore observatørar ved tilsetjing av bygdebokforfatarar. Vi har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med andre personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid. NLIs internettsider *lokalhistorie.no* har gjort det greitt for folk å setje seg inn i kva instituttet står for og lett å ta kontakt for å få vite meir. Her ligg det ei oversikt over ”ofte stilte spørsmål” både frå forfatarar og oppdragsgjevarar i samband med lokalhistoriske bokprosjekt. Saman med anna rådgjeving på nettsidene våre kan dette på lengre sikt medverke til å redusere talet på direkte forespurnader til NLI. I 2008 har vi registrert ein interessant tendens. Det har vore eit høgare tal forespurnader frå museum, høgskolar og universitet enn i føregåande år.

NLI har gjennomgått og kommentert manuskript frå 6 bokprosjekt, til saman ca. 620 sider (7 bokprosjekt på ca 2000 sider i 2007, 15 bokprosjekt og 3340 sider i 2006, 20 prosjekt og 3700 sider i 2005, 16 prosjekt og ca. 2230 sider i 2004, 14 prosjekt og ca. 3100 sider i 2003). Dei manuskripta som er vurderte, er knytta til følgjande

kommunar: Asker, Bindal, Gausdal, Gjøvik, Karmøy og Skedsmo. Dette syner ein klår nedgang i høve til tidligare år. Nokre saker har vore ressurskrevjande. NLI har ved eitt høve mekka i strid mellom forfattarar og oppdragsgjevar i ei årrekkje, men denne saka er no ført fram til ei løysing.

1.2. Seminar

NLI har ikkje hatt høve til å arrangere ”vanlege” seminar i 2008. Tida har ikkje strokke til. Dei to seminara som vart gjennomførte, var knytta til prosjektet *Mangfaldige minne* (sjå 1.5.3., s. 9)

1.3. Oppdragsforskning og utgreiing

Hausten 2006 fekk NLI i oppdrag av Lørenskog kommune å skrive tekst til to publikasjonar som skulle utgjevast i samband med kommunen sitt hundreårsjubileum i 2008. Tema for den eine publikasjonen var den politisk-administrative utviklinga i kommunen, med hovudvekt på dei siste 30 åra. Den andre publikasjonen skulle ha form av eit lokalhistorisk leksikon, med eit innhaldsmessig tyngdepunkt på det siste hundreåret. Desse prosjekta har hatt ei samla økonomisk ramme på kr. 805 000.

Ola Alsvik har vore prosjektleiar for begge prosjekta og har skrive tekst til den politisk-administrative historia. Vitskapleg assistent Kristian Hunskaar har skrive artiklane til det lokalhistoriske leksikonet saman med Alsvik. I tillegg har vitskapleg assistent Raymond Johansen laga register. Arbeidet med tekst til den politisk-administrative historia vart avslutta på våren med utgjevinga av boka *Gjennombrudd, fortvilelse og hardt arbeid...* (Lørenskog kommune, 138 sider). Arbeidet med leksikonet vart fullført hausten 2008, og i slutten av november utkom boka *Lørenskog leksikon* (Lørenskog kommune, 258 sider).

1.4. Publikasjonsverksemd

1.4.1. Lokalhistorisk magasin

Hausten 2008 kom Hans Hosar med i redaksjonen for *Lokalhistorisk magasin* (som NLI gir ut saman med Landslaget for lokalhistorie) og avløyste Ola Alsvik. Også Marianne Wiig er med i redaksjonen frå NLI's side. Ho har i tillegg ansvaret for den grafiske utforminga av magasinet. Kristian Hunskaar arbeidde med korrekturlesing og grovmontering (layout) av artiklar til nr. 1 og 2/2008. Også Eva Marie Mathisen hjalp til med layout og korrektur for nr. 1/08. Ho skreiv dessutan fleire artiklar i dette nummeret. Redaksjonen har elles hatt eit godt samarbeid med *Lobo Media*, som til første nummer i 2008 leverte ein ny designmal for magasinet. Han gjer det moglege å arbeide meir effektivt med utforminga av kvart einskild nummer, samstundes som han er meir fleksibel enn den gamle malen. Redaksjonen har vore samd om å føre den redaksjonelle hovudlina vidare, med vekt på temanummer. Årgangen hadde følgjande fire tema: ”Familien” (nr. 1), ”Lokalhistorie og Internett” (nr. 2), ”Kulturminneåret 2009” (nr. 3), ”Håndverk og arbeidsteknikker” (nr. 4).

1.4.2. Skrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt

Skrifter fra NLI nr. 44 var ferdig redigert i 2007, men låg føre på prent i byrjinga av februar 2008. Boka har tittelen *Sted, tilhørighet og historisk forskning. Lokalhistoriens form og funksjon i det 21. århundre* (175 sider). Boka er allereie sett opp på pensum ved Høgskulen i Volda (HI204N: Lokal-, region- og mikrohistorie).

1.4.3. Digital publisering

Med omsyn til digital publisering, har NLI i 2008 konsentrert kreftene rundt wikien. Dei tilsette ved NLI har i wikien dels brukt om att stoff som tidlegare har vore publisert på lokalhistorie.no eller i trykte publikasjonar, men for det meste er det nyproduserte artiklar som er lagt inn i wikien. Det dreier seg om alt frå rammeartiklar om slikt som opphavsrett, personvern og kvalitetssikring til mønsterartiklar om ulike lokalhistoriske tema. NLI har i 2008 ikkje kunna bruke ressursar på digital publisering av større verk. Mangel på kompetent ikt-formidlar har skapa ein flaskehals i dette arbeidet.

1.4.4. Eiga fagleg publisering

Ola Alsvik har publisert følgjande i 2008:

- ”Simen Flyen: Eidsvoll bygds historie 1914-1940, Eidsvoll kommune 2002 og Eidsvoll bygds historie 1940-1964, Eidsvoll kommune 2005”. Bokmelding i *Heimen*, bind 45, 2008: s. 173-177.
- *Gjennombrudd, fortvilelse og hardt arbeid...*, Lørenskog kommune 2008, 138 sider.
- ”Om lokalhistoriewiki.no”, i *Lokalhistorisk magasin*, nr. 2/2008: s. 4-7 (saman med Marianne Wiig).
- ”Personvern – noen retningslinjer for lokalhistoriewiki.no” i *Lokalhistorisk magasin*, nr. 2/2008: s. 8-9.
- ”Torunn Selberg og Nils Gilje (red.): Kulturelle landskap. Sted fortelling og materiell kultur, Fagbokforlaget 2007”. Bokmelding i *Heimen*, bind 45, 2008: s. 376-379.
- *Lørenskog leksikon*, Lørenskog kommune 2008, 258 sider (saman med Kristian Hunskaar).

Knut Sprauten:

Sprauten redigerte: *Sted, tilhørighet og historisk forskning. Lokalhistoriens form og funksjon i det 21. århundre*. Skrifter fra Norsk lokalhistorisk institutt, nr. 44, 2008, 175 s. Dessutan har han publisert:

- ”I dørtrekken fra Europa. Røros kobberverk på 1700-tallet” i *Årbok for Nord-Østerdalen 2008*, s. 56-65.
- ”Om byidentitet i det gamle Christiania”, trykt i John Peter Collett og Bård Frydenlund (red.): *Christianias handelspatrisiat. En elite i 1700-tallets Norge*, 2008, s. 178-188.

Marianne Wiig:

”Om lokalhistoriewiki.no” i *Lokalhistorisk magasin* 2/2008, s. 4-7 (saman med Ola Alsvik).

1.5. Andre tiltak til å fremje lokalhistorie i Noreg

1.5.1. Lokalhistorisk nettverk

Lokalhistorisk nettverk er eit tverrsektorielt fysisk og virtuelt nettverk for institusjonar og organisasjonar som arbeider med forskning, dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Nettverket har i dag 335 medlemmer. NLI ser på lokalhistoriewiki.no (sjå 1.5.2) som den viktigaste arenaen for samarbeid for nettverket. Difor har vi i 2008 prioritert å arrangere wikikurs for nettverket framfor å binde ressursar til å sende ut nyhendebrev kvar månad.

1.5.2. Nettbasert lokalhistorie – lokalhistoriewiki.no

NLI har brukt mykje ressursar på vidare utvikling av *Nasjonalt lokalhistorisk oppslagsverk på nett*. 30. mars vart oppslagsverket lagt ut på ein offentleg server under domenenavnet *lokalhistoriewiki.no*. Wikien er utvikla i samarbeid mellom NLI og John Erling Blad, Chris Nyborg og Olve Utne frå Wikipedia – og har røtene sine i begge desse miljøa. Wikipedia-folka såg at mykje av stoffet som kom inn til dei, vart for lokalt for eit leksikon med nasjonal og global ståstad. Og vi på NLI har sakna ein plattform for tverrsektorielt samarbeid om forskning, formidling, rettleiing og dokumentasjon i samband med lokalhistorie. *lokalhistorie.no* (2.1) og Lokalhistorisk nettverk (1.5.1) kan slik sett sjåast som forløparar til wikien.

Det er NLI som har det overordna faglege, juridiske, administrative og økonomiske ansvaret for wikien, men dei fleste artiklane vert skrivne av friviljuge. Det må like fullt nemnast at Frode Fyllingsnes i 2008 var engasjert i éin månad med arbeidsoppgåver knytta til den lokalhistoriske wikipediaen. Han skreiv kring 20 artiklar om kulturminne og lokalhistorie i Rogaland.

Mellom dei om lag 240 som er registrerte som brukarar i dag, finn vi både faghistorikarar og amatørar. Frå august (då statistikken tok til) og til og med desember 2008, hadde wikien 39 305 unike brukarar, noko som gir eit snitt på 7861 brukarar i månaden. Det totale talet på sidevisingar i same periode var på 834 742, altså har kvar brukar i snitt sett på 21 sider i wikien. (I januar 2009 har det vore 13 001 unike gjester innom wikien, og dei har sett på til saman 244 953 sider).

Innhaldet i wikien passerte i løpet av året 4000 lokalhistoriske artiklar, som er fordelte på ulike ”rom”. I hovudromet, ”Allmenningen”, kan alle bidra med artiklar om stader og tema. I ”Leksikonrommet” ligg tekstar og illustrasjonar frå *Norsk historisk leksikon*. Desse vart lagde ut sommaren 2008, etter avtale med Cappelen Akademisk Forlag, og er verna av opphavsrett. ”Kjeldearkivet” inneheld kjelder i fulltekst. Særleg dreier det seg om kjelder som er produserte i samband med arbeid med wikien, til dømes minnemateriale. I ”Galleriet” er det lasta opp over 2000 bilete, både nye og gamle. Som lekk i kvalitetssikringa av wikien har vi oppretta eit eige rom for metodiske artiklar og dessutan eit for bibliografi.

Forutan artikkelskriving har det vore mykje arbeid med å få rammeverket for wikien på plass. John Erling Blad har vore engasjert til grunnleggjande programmering, oppsett og interaksjonsdesign. Chris Nyborg og Olve Utne har også bidratt teknisk med utvikling og justering av bakanforliggjande grunnstrukturar. Dei har dessutan fulgt opp nye brukarar, overvaka brukarbidrag, skrive mønsterartiklar, laga malar og jobba med utvikling av brukargrensesnitt. Olve Utne har i tillegg tatt bilete av arkitektur, landskap osv. og lasta i 2008 opp over 500 av dei i wikien. Chris Nyborg har vore med på ei rekkje møte i samband med wikien og i tillegg leia tre brukarkurs

(05.03, 19.03 og 11.10). Kristian Hunskaar, Marthe Glad Munch-Møller og Raymond Johansen har også hatt ulike oppgaver i samband med oppdatering og utvikling av wikien i løpet av året. Dei tilsette har samarbeidd om å få på plass grunnleggjande rammeverk som lisensiering, retningslinjer, administrasjon, hjelpesider, kategorisystem osv. Det er Marianne Wiig som har hatt hovudansvaret for wikien i 2008, frå 1. februar som prosjektleiar. Wikien har vore ei særskild krevjande oppgåve for Wiig, og ho har lagt ned mykje kreativitet og iherdig arbeid i å byggje opp denne nettstaden. Slik har vi fått eit tydeleg prov på kor naudsynt det er å få på plass ei ny stilling for ein nettformidlar med tung ikt-kompetanse.

Lokalhistoriewikien har vore heilt avgjerande for den gode kontakten som instituttet har etablert med omverda den siste tida, har utvikla nye kontaktar/brukarar – og denne arbeidsforma er i samsvar med regjeringa sine ønske. Vi har hatt samarbeid med ulike institusjonar og miljø, m.a. Høgskulen i Gjøvik, Mjøsmuseet, Fredrikstad museum, ABM-utvikling, Kulturminneåret 2009, Skedsmo kommune og Lokalhistorisk nettverk i Danmark. Gjennom wikien har vi også fått styrkt kontakten med lokalhistorierørsla. Fleire i historielagmiljøet har medverka aktivt i wikien. Vi har også hatt god kontakt med Maria Jongers, jurist ved Nasjonalbiblioteket, og Gisle Hannemyr, ved Institutt for informatikk ved Universitetet i Oslo, som begge har vore til stor hjelp i prosessen med å få dei juridiske sidene ved wikien (personvern og opphavsrett) på plass. Hannemyr var også rådgjevar i ein lisenskonflikt med Wikipedia hausten 2008 og gjorde mykje for at konflikten fekk ein lykkeleg utgang.

1.5.3. Prosjektet *Mangfoldige minne*

Prosjektet *Mangfoldige minne* (tidlegare *Utanfrå – innanfor?*) er eit samarbeidsprosjekt mellom Landslaget for lokalhistorie, Norsk lokalhistorisk institutt og Norsk folkeminnelag. Hovudmålet for prosjektet er å styrkje dokumentasjonen om og formidlingen av minoritetskulturar på lokalplanet i Noreg. Samarbeidspartane har ønskt å realisere dette gjennom innsamling, dokumentasjon og formidling av minnemateriale knytta til innvandringen i perioden frå andre verdskrig og til i dag.

Prosjektet har engasjert lokalhistorielag, innvandringsorganisasjoner, sanitetskvinnegrupper og andre i å samle inn munnlege minne blant innvandrarar i Noreg: både intervju og traderte folkeminne. Prosjektet har oppretta nettstaden www.mangfoldigeminne.no, der brukarar sjølve kan leggje inn materiale. Groruddalen historielag og Klepp historielag har engasjert seg i innsamling i 2008. Historielaga i Østfold, Nord-Trøndelag historielag og Eiker arkiv (lokalhistorisk arkiv for Øvre og Nedre Eiker kommunar) planlegg innsamling i 2009. Det er gjennomført 60 intervju frå heile landet, og førebels har om lag same tal folkeminne kome inn til prosjektet. Det har vorte arrangert to seminar, Nord-Østerdalsmuseet har hatt utstilling, og på hausten vart boka *Mangfoldige minner – Veier til Norge* gitt ut med eit utval av dei intervjuene som har kome inn. Prosjektet held fram, mellom anna som ein del av Kulturminneåret 2009. Prosjektet har mottatt ei løyving på kr. 600 000 frå Norsk kulturråd og kr. 150 000 frå Fritt Ord.

Ida Tolgensbakk Vedeld har vore prosjektleiar. Ho har administrert og redigert nettstaden til prosjektet www.mangfoldigeminne.no i samarbeid med webredaktøren Liv Bjørnhaug Johansen. Vedeld har sjølv intervjuet kring 20 migrantar og samla inn folkeminnemateriale frå diverse miljø. Ho har rettleia dei friviljug involverte, feltassistentar og Yacoub Cissé, som vart engasjert av NLI frå 1. november 2008 for å

intervjue og samle inn minnestoff frå afrikanske innvandrarak. Dette er ei verksemd som NLI  nskjer   f re vidare.

1.6. Forsking og utgreiing

1.6.1 Noregsbrev

Arbeidet med   registrere "noregsbrev" (for det meste brev fr  Noreg til Amerika) er ikkje f rt vidare i 2008.

1.6.2. Eigne forskingsprosjekt for dei tilsette

Forskingssprosjekta til dei tilsette m tte nedprioriterast p  grunn av meir presserande oppg ver. Dette gjeld Ola Alsviks forskingsprosjekt "Grunnlagsproblemer i norsk lokalh storie", Hans Hosars "Bygdemodernitet og historikarmodernitet. Empirisk og metafagleg analyse av historiske prosessar i Skj k 1880-1945" og Knut Sprautens "Hans Horneman og n ringslivet i det trondhjemske 1720-1760."

Vi seier oss leie for at vi i 2008 ikkje har kunna gitt forskarane i staben h ve til   bruke eiga tid til forskning, trass i at dei b de har rett og plikt til   drive forskning. Det er ein f resetnad for   drive godt utviklingsarbeid ved instituttet og rettleie andre.

Hans Hosar har i 2008 hatt permisjon utan l n fr  NLI i tre m nader for   arbeide med bygdebok for Skj k kommune. Dette bygdebokarbeidet har styrkt kompetansen hans innanfor eit fagfelt som st r sentralt i r dgivingstenesta til NLI.

1.6.3. NLI's mastergradsstipend

I 2004 skipa NLI ei fast stipendordning for mastergradsstudentar /hovudfagsstudentar som skriv om lokalh storiisk relevante emne innan historie eller tilgrensande fag. Stipendet er p  15.000 kroner, og vert utdelt ein gong i  ret. F rem let med stipendet er   stimulere til auka interesse for lokalh storie som fagfelt og til meir lokalh storiisk forskning.

Styret har oppnemnt ein stipendkomit  som er samansett av professor Jan Eivind Myhre, direkt r Knut Sprauten og forskar Hans Hosar. Dei har vurdert s knadene til dei elleve s kjarane som hadde meldt seg. Stipendet for 2008 vart tildelt Nina Espeseth Gr nbrekk ved UiO, Institutt for kulturstudier og orientalske spr k. Emnet for mastergradsarbeidet hennar er *Fagernes som moderne tettstad*.

1.6.4. Samarbeid med organisasjonen Afrin

Organisasjonen "Afrikanere i Norge" (Afrin) har som hovudf rem l   dokumentere og formidle afrikansk n rver i det norske samfunn fr  ca. 1600 til i dag. Afrin vart etablert for 12  r sidan av norsk-ivorianaren Yacoub Ciss . P  oppmoding fr  Norsk kulturr d tok Afrin i mai kontakt med NLI med sikte p  eit samarbeid. Kulturr det har peika p  at mykje av materialet Afrin har innsamla, framst r som lokalh storiisk interessant. Samstundes har r det sagt seg lei for at organisasjonen ikkje har ein samarbeidspartnar p  kulturfeltet som kan gje organisasjonen solid administrativ forankring.

P  eit m te mellom Afrin og NLI den 23.05.08 vart ein samd om   etablere eit avgrensa samarbeid. M tet gjorde ogs  kl rt at det innsamla materialet er uordna og for ein stor del kaotisk. Partane vart difor samde om   s kje Norsk kulturr d og

Institusjonen Fritt Ord om pengar til å ordne arkivet. Det vart også etablert kontakt med Riksarkivet i samband med dette. NLI tok på seg arbeidet med å utforme søknadene. Norsk kulturråd har gitt kr. 60 000 i stønad til dette. Frå Institusjonen Fritt Ord har Afrin enno ikkje fått svar. NLI har tatt på seg ansvaret for å forvalte midla. Ordningsarbeidet vil etter planen bli gjennomført i samarbeid med Riksarkivet våren 2009. Som organisasjon har *Afrin* trunge eit fast administrativt haldepunkt. NLI er eit lite og fleksibelt institutt, og kunne ved dette høvet gå inn som partner når det trongst. Vi ser også at dei grepa som vi no tar, plasserer oss sentralt i fleire nettverk der vi kan vere med og ta nasjonale grep.

2. FORMIDLING AV LOKALHISTORISK INFORMASJON

NLI skal drive god fagleg formidling og vere eit nasjonalt dokumentasjonsentrum. Instituttet skal lage oversikter over aktørar innan lokalhistorisk arbeid, over ein del kategoriar lokalhistorisk litteratur og spreie informasjon om norsk lokalhistorie.

2.1. NLI's nettsatsingar

NLI har i 2008 jobba med å få til eit samspel mellom dei ulike nettsatsingane våre. Lokalhistorie.no har vore hovudsatsinga på nett, men i 2008 har lokalhistoriewiki.no tatt over denne plassen. I februar kom også nettstaden mangfoldigeminner.no til (1.5.3), med Liv Bjørnhaug Johansen som nettredaktør. Marianne Wiig er nettredaktør for lokalhistorie.no og prosjektleiar for lokalhistoriewikien. Ho fungerer dessutan som koordinator for NLI's ulike nettsatsingar. Kristian Hunskaar, Marthe Glad Munch-Møller og Raymond Johansen har i løpet av året hatt ulike oppgåver i samband med oppdatering og utvikling av wikien og lokalhistorie.no. Når det gjeld utvikling av wikien, har John Erling Blad, Chris Nyborg og Olve Utne hatt sentrale oppgåver (sjå 1.5.2). På lokalhistorie.no har det først og fremst vore nyhende av interesse for lokalhistoriemiljøet som har vorte prioritert i 2008, til liks med påkravd vedlikehald. Nettstaden hadde i fjor 40 858 unike brukarar og 210 218 sidevisingar.

Det har vore stor aktivitet i wikien i 2008 både frå NLI si side og frå brukarane (sjå 1.5.2). Mykje av stoffet på lokalhistorie.no passar betre inn i wikien av di det innbyr til interaktivitet av den typen som ligg innbakt i wiki-formatet. Ein del stoff er difor allereie flytta til wikien, medan anna stoff krev meir tilpassing og vil bli tatt etter kvart.

På grunn av arbeidet med wikien har NLI vore nøydd til å nedprioritere fullføringa av databasen vår for kjelder, litteratur og andre ressursar til lokalhistorie. Men vi ser at potensialet for bruk av basen kan bli sterkt utvida gjennom wikien. Det kan til dømes leggjast inn faste søk i artiklar, slik at relevante referansar kjem opp i marginen til nytte for både lesarar og skribentar i wikien.

2.2. NLI's nettstrategiske utval

I utvalet er:

- Kåre Andersen, amanuensis, Universitetet i Oslo, Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier.
- Arnfinn Kjelland, førsteamanuensis, Historisk institutt, Høgskulen i Volda.
- Lars Nygaard, underdirektør, Seksjon for digitalt depot, Riksarkivet.

Utvalet har i 2008 vore med på møte og diskusjonar kring NLI sin ikt-strategi, særleg i samband med utviklinga av lokalhistoriewiki.no.

2.3. Kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum

For å skape kontakt med lokalhistoriske aktørar og publikum har NLI arrangert seminar og kollokvium som medverkar til vitskapleg skoloring, både av eigne tilsette og andre. NLI har òg opna lokala sine for å informere om verksemda si til grupper som har ønskt det (mastergradsstudentar, medlemmer av historielag, slektshistorikarar, årbokredaksjonar osv.).

NLI's nye lokale i "Halvbroen" har fire lesesalsplassar, og det er registrert ca. 400 besøk på NLI's lesesal i 2008, mot 144 i 2007, 79 i 2006 og 152 i 2005. Vi har orientert nye gjester om biblioteket og verksemda til NLI, og dei har fått svar på førespurnadene sine. Instituttet har i 2008 vorte ein møtestad for fleire enn før. Vi har sett at nye menneske gir møtet med NLI ein ny dimensjon og stimulerer til nye tankar. Mange av gjestene våre har vore knytt til prosjektet *Mangfoldige minne*.

Instituttet har også fleire e-postlister for ulike aktørar, m.a. for bygdebokforfattarar og for medlemene i Lokalhistorisk nettverk. Desse listene gir medlemene høve til å utveksle røynsler, diskutere tema av felles interesse, stille spørsmål og få/gi svar. I 2008 har også dei ulike diskusjonsfora på lokalhistoriewiki.no vore flittig brukte, både av dei tilsette ved NLI og av brukarar på wikien.

2.4. Anna kurs-/ og formidlingsverksemd

De tilsette har også halde føredrag over etterspurde tema på arrangement som ikkje har vore haldne i NLI's regi.

Ola Alsvik har halde følgjande faglege foredrag i 2008:

- "Fra utenfra – innenfor?" til "Mangfoldige minner". Innleiing på opningsseminaret til prosjektet "Mangfoldige minner" 16.02.
- "Lokalhistorie og Wikipedia – motsetninger tiltrekker hverandre". Foredrag på wikikurs i Fredrikstad 17.04
- "Lokalhistorisk wikipedia. En presentasjon av ideene bak prosjektet". Foredrag på KAFF-prosjektets seminar Nye forståelsesformer og ny praksis på kulturarvfeltet – de frivillige organisasjonenes kunnskapsbehov 21.05.
- "Trenger vi et lokalhistorisk leksikon?" Foredrag i Lørenskog bibliotek 04.09.
- "Innvandring i Norge – historiske avtrykk". Foredrag ved seminaret "Minner i migrasjon – innsamling og metode" 06.09.

Hans Hosar

- Foredrag om lokalhistorie på NFFs skrivekurs "Hvordan skrive historie", 30.3.2008.

- Med trønderens, trondhjemmerens og amanuensens perspektiv på historiefaget,” foredrag ved jubileumsseminaret til Historisk institutt ved NTNU, Trondheim 17.10.2008.
- ”Forskningsrett og førsteopprykk,” foredrag på seminar i Arkivarforeininga, Oslo 6.11.2008
- ”Norsk lokalhistorisk wiki – fælles formidling på nettet” innlegg saman med Marianne Wiig ved det danske Lokalhistorisk Netværks ABM-konferanse, Århus 23.10.2008.

Knut Sprauten:

- Foredrag i Nordøsterdalsmuseet på Tynset om Røros koparverk på 1700-talet, 24.04.2008.
- Innlegg i seminar om å skrive gards- og slekthistorie for Aker. Oslo Museum 04.06.2008.
- Intervju i Sakprosa NRK2 om norske bygdebøker 13. og 14. juni 2008.

Marianne Wiig:

- ”Norsk lokalhistorisk wiki – fælles formidling på nettet” innlegg saman med Hans Hosar ved det danske Lokalhistorisk Netværks ABM-konferanse, Århus 23.10.2008.
- Diverse presentasjonar av lokalhistoriewiki.no i ulike samanhengar, m.a.:
 - I Fornyingsdepartementet 27.02.2008 (saman med Knut Sprauten, Chris Nyborg og John Erling Blad)
 - For representantar frå Skedsmo kommune 06.03.2008 (saman med Hans Hosar og Ida Vedeld)
 - På wikikurs i Fredrikstad 17.04.2008 (saman med Ola Alsvik)
 - For representantar for Oppegård kommune 27.11.2008 (saman med Hans Hosar)

Det kan nemnast at Sprauten har vore sensor i lokalhistorie/historie ved Høgskolen i Vestfold og har sensurert på mastergradsnivå ved Universitetet i Oslo. Ola Alsvik har vore fagfelle i samband med vurdering av innhald og pensum i Studieplan for slektsgranskning ved Høgskulen i Volda.

2.5. Bibliografisk arbeid og dokumentasjon av lokalhistorisk verksemd

Historisk kompetanse trengst i alt kulturarbeid. Eit viktig tilskot til å halde kompetansen sin à jour er å vere orientert om kva som skjer innan fagfeltet sitt. Gode bibliografiar er gagnlege arbeidsreiskap i denne samanhengen. NLI held difor fram med å lage årlege bibliografiar. Siri Iversen har utarbeidd NLI's bibliografi ”Ny lokalhistorisk litteratur 2007” (trykt *Heimen* 3/2008, s. 245–270).

Ho har utvida bibliografien til å ta med nettstadene til utgjevarane, med indeks o.a. for årbøker. Det bibliografiske arbeidet for 2008 er også sett i gang.

Oversynet viser følgjande fordeling på sjangrar:

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
gards- og slektshistorie	33	28	25	29	24	30	39
allmenn by- og bygdehist.	15	18	17	23	28	34	68
distriktshistorie	1	0	1	3	2	1	1
lokal- og regionalhistoriske årbøker	325	338	345	359	346	320	312
kjeldeutgåver	10	7	0	0	0	0	0

NLI har levert halvårlege oversikter over artikkelar med mellomalderstoff i ei rad norske periodika til *International Medieval Bibliography* ved Universitetet i Leeds. Alle lokalhistoriske periodika fra 2007 i NLI's bibliotek er gjennomgått, samt eit utval av nasjonale tidsskrift og redigerte monografiar. Dette arbeidet er utført av Frode Fyllingsnes.

3. VIDAREUTVIKLING AV NLI

I NLI's målprogram heiter det at instituttet skal videreutviklast *som ein landsdekkjande, fagleg framstående instans, med optimal utnytting av tilgjengelege økonomiske og personalmessige ressursar og eit triveleg arbeidsmiljø.*

Instituttet har gjennom rådgivingstenesta si nådd ut til folk over heile Noreg, både ved å lese manuskript, arrangere seminar og svare på spørsmål. Ei vidare utbygging av NLI sine nettstader i 2008 har betra utsiktene til å nå ut til eit enda breiare publikum.

Men for at instituttet skal vere en fagleg bastion for lokalhistorikarar, er det viktig at dei tilsette er i eit fagmiljø som har ”spisskompetanse”, er i forskarfronten og deltar aktivt i fagleg debatt.

NLI's tilsette blir brukt som førelesarar, lærarar og som sensorar på universitets- og høgskolenivå, og kan såleis seiest å ha eit godt fagleg nivå. Dei har også verv i ulike faglege fora, deltar på konferansar og kurs for å utvikle seg fagleg, og dei har nær kontakt med andre forskarar og eit breitt forskingsmiljø.

Men for at instituttet skal vere ein fagleg bastion for lokalhistorikarar, bør dei tilsette vere i eit fagmiljø som er i forskingsfronten, og som deltar aktivt i faglege debatt. I februar 2007 byrja NLI eit samarbeid med Høgskulen i Volda (Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom) om prosjektet *Kulturperspektiv på møtet mellom embetsmenn og bønder*. Prosjektet drøftar den etablerte oppfatninga av at det i perioden ca. 1660–1870 fanst ei kulturell todeling i det norske samfunnet – ein elitekultur (der embetsmannsgruppa dominerte) og ein folkekultur (der bondegruppa dominerte). Professor Atle Døssland er prosjektansvarlig, medan direktør Knut Sprauten, Norsk lokalhistorisk institutt og førsteamanuensis Arnfinn Kjelland er ansvarlege for kvar sitt delprosjekt (sjå: <http://www.hivolda.no/index.php?ID=14380>)

I 2008 vart det tilsett to stipendiatar på prosjektet (av dei ein post doc.) 3. og 4. september vart det halde eit prosjektseminar i Volda med 19 innleiarar. Knut Sprauten innleidde til debatt om Delprosjekt 1: Embetsmenns og bønders orienteringsverd, eigenoppfatning og kulturelle særtrekk – ein regional komparasjon. (Innleiinga hans er publisert på nettstaden som er nemnd ovanfor).

3.1 Verv i faglege fora

Ola Alsvik er medlem av redaksjonsrådet til fagtidsskriftet *Heimen* og medlem i Kjeldeskriftkommisjonen v/Riksarkivet.

Hans P. Hosar er "Lærestadsrepresentant" for redaksjonen i *Historisk tidsskrift*.

Knut Sprauten er oppnemnd som NLI representant i styret for Strangers kulturfond og som historisk konsulent for Postens frimerketeneste. Han er også styremedlem i Landslaget for lokalhistorie (LLH)

3.2. Deltaking i faglege konferansar og kurs som ikkje er arrangerte av NLI

Ola Alsvik:

- "Kulturarven som ressurs", seminar i regi av Troms fylkeskommune 09. og 10.04.2008.

Siri Iversen:

- Slektsforskardagane 25.10.2008: Ho var på stand, selde bøker og presenterte informasjon om NLI og lokalhistoriewiki.no.

Knut Sprauten:

- Mangfaldige minne. Opningsseminar, 16.02.2008.
- Seminar om sosial teknologi FAD, 20.02.2008.
- Torfæus-seminaret, Nasjonalbiblioteket, 08.04.2008.
- Konferanse om skanning av flyfotos, Fylkeskartkontoret i Oslo, 13.05.2008.
- Konferanse i Oslo Museum i samband med planene om bygdebok for Aker, 04.06.2008.
- SSØ hadde opplæring i SAP av dei tilsette, 19.06.2008.
- Norsk historikarmøte i Tromsø, 20.-22.06.2008.
- Opplæring i Contempus av SSØ, NLI 18.08.2008.
- Voldaseminaret, Volda, 03. og 04.09.2008
- Agderseminaret, Kristiansand 10. og 11.10.2008
- Personalforumsmøte hjå Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde 05.11.2008.
- SSØs kundeforum, Gardermoen, 11.11.2008
- Jubileumsseminar (100 år) for ARBARK (Arbeiderbevegelsens arkiv, Oslo) 14.11.2008
- ABM-utviklings konferanse om bibliotek- og digitaliseringsmeldinga, Oslo 25.11.2008
- Samfunn i krig – 1808. Universitetet i Oslo, seminar 05. og 06.12.2008.
- Forskarforbundet sitt seminar om opphavsrett, Losby gods, 09. og 10.12.2008

Marianne Wiig:

- En digitaliseringspolitikk i sikte? Arr. Norsk Bibliotekforening, 16.01.2008.
- Mangfaldige minne. Opningsseminar, 16.02.2008.
- LLHs seminar om Internett, 07.03.2008.
- Seminar om sosial teknologi FAD, 20.02.2008.
- Seminar om samarbeid om historiske flyfoto. Arr. Statens kartverk, 13.05.2008.

- Nye forståelsesformer og ny praksis på kulturarvfeltet – de frivillige organisasjonenes kunnskapsbehov. Arr. KAFF. 21.05.2008.
- Digitalt fortalt: 13/10 og 14/10. Inkl. innlegg.

Kristian Hunskaar:

- På rett hylle? Seminar om opphavsrett, arr. ABM-utvikling, 12.06.2008

3.3. Drift av instituttet

3.3.1. Bibliotek og rettleiingsmateriell

NLI har eit funksjonelt instituttbibliotek og distribuerer rettleiingsmateriell. Tilveksten i 2008 var 416 band (513 i 2007, 496 i 2006 og 455 i 2005). Det meste er lokalhistorisk litteratur som instituttet har mottatt som gaver, men mykje er også kjøpt inn. Kirsten Braaten og Siri Iversen har vore i kontakt med utgjevarar og skaffa ein del av dei publikasjonane som instituttet ikkje hadde. Totalt inneheld instituttbiblioteket no 19.172 band.

Siri Iversen har i 2008 katalogisert og merka nye bøker, tidsskrift og årbøker og halde samlinga i orden. Ho har òg laga lister over dei nye publikasjonane, har hatt kontroll med lagerbeholdninga av publikasjonane til NLI og hatt ansvar for bibliotekstatistikk, fjernlån og oppdateringar i Statskalenderen. Dessuten har ho rettleia dei som besøker biblioteket og NLI, og svart på forespurnader pr. telefon og e-post. Som del av strategiplanen for NLI har Siri Iversen arbeidd med ein utviklingsplan for biblioteket.

3.3.2. Administrasjon

Sidan 1. september 2004 har NLI hatt Senter for statlig økonomistyring (SSØ) Tromsø, avdeling Vadsø som rekneskapsentral med fullservicemodell. NLI's kontaktperson har vore Kirsten Braaten fram til ho gjekk av for aldersgrensa. Ho har også registrert inngåande fakturaer og innbetalingar og vore ansvarleg for innføringa av lønssystemet SAP.

Kontroll av løn, skatt, kontingentar, kontoutskrifter etc. har vore ein vesentleg del av Kirsten Braatens oppgaver. Dessuten har ho sørge for arkivering, journalføring, tilvekstføring av ny litteratur, innkjøp av kontorrekvisita og oppfølging av vedlikehald av kontormaskinar. Desse oppgåvene har Siri Iversen tatt over etter at Braaten vart pensjonist.

3.3.2.1 Avtale mellom norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) og NLI

Siri Iversen blei ikkje løyst frå arbeidet som bibliotekar og andre oppgåver da ho tok over det arbeidet Braaten hadde gjort. Det vart difor naudsynt å gjere noko for å redusere den store arbeidsbøra som Iversen elles ville få etter at Braaten skulle slutte. 14. februar 2008 drøfta styret eit framlegg om å etablere eit samarbeid med NLB om løn og rekneskap. Det var semje i styret om at det kunne verte ei god løysing for NLI. I slutten av juni gav KKD samtykke til at samarbeidet mellom NLB og NLI kunne byrje frå august av. 4. juli vart dei to institusjonane samde om følgjande deling av arbeidet:

Oppgåver som NLB skulle gjere for NLI

- alle personaladministrative oppgåver som utføres i SAP
- økonomioppgåver som må utføres i Agresso

- for- og etterkontroll i faktureringsystemet Contempus
- bankremittering
- autorisering av NLI's utbetalningar

Oppgaver som NLI må utføre

- alle øvrige personaladministrative oppgåver
- budsjettutforming og øvrige økonomistyringsoppgåver
- bruke faktureringsprogrammet Contempus til kontering, attestasjon og godkjenning
- bruke ESS til registrering av arbeidstid, melding om fråver, reiserekningar osv.

NLI skal betale eit vederlag til NLB på kr. 10 000 pr. måned for det arbeidet dei gjer for NLI. Denne samarbeidsmodellen skal takast opp til vurdering etter at institusjonane har hausta røynsle med denne ordninga i eitt år.

Av praktiske grunnar har Riksarkivet autorisert NLI's utbetalningar i 2008, men det vert endra i 2009.

3.3.2.2. IA-avtale

NLI er eit lite institutt med berre 5 fast tilsette. Det er god trivsel på arbeidsplassen og særst lite fråver. Fleire av dei tilsette har gjennom dei siste åra ikkje hatt fråver på grunn av sjukdom i det heile. Vi har difor ikkje tatt initiativ til å bli IA-verksemd.

3.3.2.3. Brukarundersøking

NLI gjennomfører brukarundersøking kvart fjerde år, og vi innhentar informasjon frå dei fleste kommunane i Noreg. Arbeidet vidare med det innsamla materialet er ressurskrevjande for instituttet, og vi kan ikkje ha slike undersøkingar oftare enn no. Det kan elles nemnast at det er vanskeleg nok å få kommunane til å svare på spørsmåla våre kvart fjerde år. Neste gong skal vi hente inn opplysingar for 2010.

3.3.2.4. Risiko- og vesentlighetsvurdering

Plan for risiko- og vesentlighetsvurdering blei utarbeidd i 2007 og vart innsend til KKD og Riksrevisjonen 11.09.2007. Her er det peika på at instituttet treng å tilsetje ein fagperson med høg ikt-kompetanse og som samstundes har stor innsikt i lokalhistorisk arbeid. Løyvingane for 2008 har ikkje gitt rom til dette. NLI meiner at det er stor risiko for at instituttet kan bli vurdert som "utdatert" dersom vi ikkje kan få styrkt dette fagfeltet. Å opprette ein ny ikt-stilling så snøgt som mogleg vil ha mykje å seie for den framtidige rolla som NLI kan ha i det lokalhistoriske fagmiljøet.

Når det gjeld innkjøp av varer og tenester, har vi retta oss etter KKD's rundskriv 23.05.2008. Samstundes minner vi at NLI er eit lite institutt, og at vi sjeldan kjøper varer for meir enn 50 000 kroner eks. mva.

3.3.2.5. Dei etiske retningslinene for statstenesta

Instituttleiaren har gjennomgått dei etiske retningslinene på felles lunsjmøte for dei tilsette. Fram til no har det ikkje vore høve til å setje av tid til eiga forskning for forskarane. Det må det gjerast noko med i dei komande åra, jf. følgjande formulering (s. 3): "Det er viktig at den tilsette blir sikra ei fagleg og personleg utvikling og at det blir teke omsyn til kvar enkelt sine behov ved organisering av arbeidet."

3.4. Ny strategiplan

NLI sette i gang arbeidet med ny strategiplan i slutten av i 2006, og det blei arbeid godt med planen i 2007. Styret har heile tida stilt seg positivt til strategiplanarbeidet, og har sjølv tatt aktivt del i arbeidsprosessen. Hovudlinene i strateginotata vart diskuterte, og styret gav verdfulle meldingar attende til NLI. Meininga var at planarbeidet skulle slutførast i 2008, men det var ikkje råd å få det til innan utgangen av året. Arbeidet med ferdigstillinga måtte utsetjast til 2009.

SAMLA VURDERING 2008

Talet på innsende og kommenterte manuskript har vorte sterkt redusert i 2008, men elles har NLI halde oppe eller auka den øvrige aktiviteten i høve til tidlegare år. Denne aukinga har mellom anna vore mogleg fordi dei tilsette har vore viljuge til å ta på seg ekstraoppgåver, og fordi instituttet har fått om lag 1 450 000 kroner i eksterne middel – 600 000 frå Norsk kulturråd, 150 000 frå Institusjonen Fritt Ord, 600 000 frå Lørenskog kommune og 100 000 frå Kristiansand hamn. Samarbeid med NAV om attføring har dessutan ført til at NLI har hatt ein godt kvalifisert cand. philol. til disposisjon utan å måtte betale lønsutgifter for han fram til mai, og etterpå har NLI berre betalt 22,5 % av full løn. Dei ekstra midla NLI har innkassert i samband med prosjekt, har gitt instituttet høve til å ha 16 personar i arbeid, men det må understrekast at fleire av dei berre har vore engasjert i kort tid. Mange av dei har ytt ein dugande innsats i lokalhistoriewikien. Andre har arbeidd med konkrete prosjekt som vi har fått pengar til, for å føre dei til endes.

Det økonomiske tilskotet frå Lørenskog kommune til NLI har vore ein viktig føresetnad for at instituttet kunne halde oppe aktiviteten i 2008. Vi er likevel uviss på om det er klokt å ta på seg denne typen oppdrag i tida som kjem. NLI kan fort risikere at arbeidsmengda til dei tilsette blir altfor stor. Prosjektarbeidet kan i praksis kome attåt alt anna som elles skal gjerast, og føre til dobbeltarbeid for dei involverte.

Lokalhistorisk nettverk er eit tverrsektorielt fysisk og virtuelt nettverk for institusjonar og organisasjonar som arbeider med forskning, dokumentasjon og formidling av lokalhistorie. Nettverket har i dag 335 medlemmer. NLI ser likevel på lokalhistoriewiki.no (sjå 1.5.2) som den viktigaste arenaen for samarbeid for nettverket. Vi trur at det i åra framover kan ligge eit enormt potensial i denne satsinga på Internett, og at ho på lang sikt kjem til å influere på og styre det meste av arbeidet som vert gjort ved instituttet.

Slik vi ser det, har prosjektet *Mangfaldige minne* vore ein suksess. Det har fått merksemd frå innvandarmiljøet, medlemmer i lokalhistoriske lag, politikarar og frå andre som arbeider innan kultursektoren. Det arbeidet som er lagt i prosjektet, vil bli ført vidare etter 2008 og gå inn i NLI's "portefølje" på Internett. Dermed vil verknadene frå det eitt-årige prosjektet vare lenge etter at det formelt sett er avslutta.

Samarbeidsprosjektet med Høgskulen i Volda er et viktig gjennomslag for at NLI kan ha forskingsansvar på høgt nivå – og på line med andre forskingsinstitusjonar. Prosjektet vil kunne gi ekstra middel til NLI, ved frikjøp av Sprautens forskningstid.

Når det gjeld anna arbeid ved NLI i 2008, kan det trekkjast fram at dei tilsette har bidratt sterkt til å halde kvaliteten på *Lokalhistorisk magasin* høgt, og at interessen for

NLIs stipend for mastergradsstudentar var stor, med fleire særers gode søknader. Vi trur at stipendordninga kan vere ein viktig stimulans for akademikarar som vil arbeide med lokalhistorie på eit høgt fagleg nivå.

NLI har kjøpt ein god del dyre data-tenester i 2008, både frå firma og frittstående konsulentar. At vi har knapt med økonomiske ressursar, har stogga større framdrift på arbeidet med nettsidene. Planlagt nettpublisering av kjeldeutgåver har vi til dømes måtta vente med. Det er ein openberr konsekvens av at NLI ikkje har fått gjennomslag for ønsket om ei ny, fast stilling som nettformidlar ved instituttet.

Instituttet har entusiastiske medarbeidarar med tru på at det er nyttig og framtidsretta å byggje ut og utvikle nettsatsingane våre vidare. Men nye utfordringar har også ført med seg nye arbeidsoppgåver og behov for å etablere nye tenester. Både leinga og dei tilsette ved instituttet meiner at det er en veksande ubalanse mellom utfordringar og oppgåver på den eine sida og ressursar, bemanning og kompetanse på den andre. Denne situasjonen har både ført til slitasje på medarbeidarane og prioriteringar som ikkje minst har gått utover NLIs forskingsrelaterte verksemd.

I dei siste ti åra har det ikkje vore mogeleg å ta ut tid til eiga forskning fordi dei løpande oppgåvene har vorte prioriterte. Denne stoda er heilt uakseptabel og kan ikkje halde fram utan at instituttet blir utdatert. Brei røynsle frå forskning gir solid basis for god planlegging og val av strategiar i åra som kjem.

Instituttet ønskjer å gjennomføre ein strategisk utviklingsprosess som kan resultere i ein ny strategiplan for NLI for åra 2010-2014. Ut frå arbeidet med desse planane ser vi at flyttinga av tyngdepunktet for verksemda vår vil halde fram. Det vil skje ei markant omlegging i retning av stadig meir rådgjeving og dokumentasjon på Internett, og dermed vil nye grupper kunne bruke tenestene våre – og på nye måtar.

Utbyggjinga av faglege nettverk vil halde fram, men ei rask utveksling av informasjon vil ikkje kunne skje utan at det vert knytta gode tekniske løysingar til nettsidene våre. Presset utanfrå vil syne seg på nettopp dette området i tida som kjem. Fram til no har mangelen på økonomiske ressursar og eiga stilling som nettformidlar (ikt-stilling) vore eit hinder for framdrift på dette feltet. Ei tilsetting av ein slik ekspert vil beint fram vere avgjerande for framtida til NLI, av di ho vil tryggje ei fast, overgripande og heilskapleg satsing på wikiteknologien. Det er her voksteren vil kome – og med stendig nye utfordringar.

Oslo 13.02.2009

Torveig Dahl
styreleiar

Knut Sprauten
direktør